

# Agder Sekretariat

## Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120  
4491 Kvinesdal  
Bankkonto:  
3080 32 25660  
Organisasjonsnr.:  
988 798 185

### Til kontrollutvalets medlemmar:

Tor Kasin (leiar), Oddvar Omnes (nestleiar), Birgit Attestog (medlem), Sven Richard Arnesen (medlem), Åse Heistein (medlem)

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Måndag 15. februar 2021 kl. 09.00, kommunehuset,  
kommunestyresalen

### **ORIENTERINGAR:**

Kommunedirektøren er invitert inn frå starten av møtet for å orientere om

- Setesdal Vekst
- Arbeidsmiljøundersøkinga
- Oppfølging av forvaltningsrevisjon byggesak

## SAKSLISTE

SAK 01/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.20  
SAK 02/21 UAVHENGIGHEITSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

### **FASTE POSTAR**

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

### **EVENTUELT**

### **REFERATSAK:**

REF 01/21 SÆRUTSKRIFT KOMMUNESTYRET  
REF 02/21 SÆRUTSKRIFT KOMMUNESTYRET  
REF 03/21 VEDTATT PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023  
REF 04/21 VEDTATT PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023

Bygland, 8. februar 2021

Tor Kasin  
Leiar

Inger Lise Austrud

Eierkommuner:  
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,  
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,  
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,  
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:  
Daglig leder Willy Gill  
Telefon: 90 95 62 46  
E-post: [willy.gill@asekretariat.no](mailto:willy.gill@asekretariat.no)

Rådgiver Inger Lise Austrud  
Telefon: 91 86 99 75  
E-post: [inger.lise.austrud@asekretariat.no](mailto:inger.lise.austrud@asekretariat.no)

# **Agder Sekretariat**

## **Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / [ila@asekretariat.no](mailto:ila@asekretariat.no)  
Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen  
Varamedlemmar møter berre etter særskilt innkalling.

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bygland kommune**

**Sak 01/21**

**Møtedato: 15.02.21**

**Sakshandsamar: ILA**

**SAK 01/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.20**

**Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 23.11.20

**Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 23.11.20 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 23.11.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

## BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

### MØTEBOK

Møte nr. 05/20

Dato: 23.11.20 kl. 09.00 – 11.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Tor Kasin, leiar Oddvar Omnes, nestleiar Birgit Attestog, medlem Sven Richard Arnesen, medlem Åse Heistein, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten , Tor Ole Holbek Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ kommunedirektør John Salve Sigridnes
--	--

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

#### **ORIENTERINGAR:**

Ny kommunedirektør er invitert inn frå byrjinga av møte kl. 09.00.

- Presentasjon av ny kommunedirektør
- Forventningar til samspelet mellom kontrollutval og kommunedirektør
- Andre aktuelle saker?

Kommunedirektør er invitert inn til ein gjennomgang av resultatata frå arbeidsmiljøundersøkinga.

#### **SAKSLISTE**

SAK 16/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.10.20

SAK 17/20 KONTROLLUTVALET'S ÅRSPLAN 2021

SAK 18/20 KOMMUNEDIREKTØRENS ATTENDEMELDING PÅ NUMMERERT BREV NR. 1-20.

#### **FASTE POSTAR**

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

#### **EVENTUELT**

Underskrift

Tor Kasin  
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen

**ORIENTERINGAR:**

Ny kommunedirektør presenterte seg for utvalet og hadde dialog om forventningar og samspelet med kontrollutvalet.

Utvalet fekk og ein overordna presentasjon av arbeidsmiljøundersøkinga.

Kontrollutvalet ber om at rapport frå arbeidsmiljøundersøkinga vert sendt til utvalet.

Under delar av orienteringa frå kommunedirektør:

Lukking av møte:

Leiar føreslo å lukke møte under handsaming av delar av orientering frå kommunedirektør med henvisning til kommunelova §11-5 a) og forvaltningslova § 13.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

***Vedtak:***

*Kontrollutvalet lukker møtet under handsaming av delar av orientering frå kommunedirektør med henvisning til kommunelova §11-5,a og forvaltningslova §13.*

Kontrollutvalet takkar for orienteringa.

**SAK 16/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.10.20**

**Vedtak:**

- 1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.10.20 vert godkjent.*
- 2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 05.10.20

**Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 05.10.20 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.10.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

**SAK 17/20 KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2021****Vedtak:**

*Framlegg til årsplan 2021 for kontrollutvalet vert vedteke.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Bakgrunn for saka:**

Normalt sett er det behov for rundt 5 møte i kontrollutvalet årleg. Mi anbefaling er at ein planlegg 3 møte våren 2021 og to møte hausten 2021. Skulle det vera behov kan ein setja opp fleire møte.

Tidspunkt for behandling av årsrekneskapen 2020 er enno ikkje avklart. Kontrollutvalets uttale til årsrekneskapen skal føreliggja før formannskapet's handsaming. Det vil kunne bli behov for å endre på kontrollutvalets møte i april for å få det til å passe med formannskapet's og kommunestyrets handsaming av årsrekneskapen.

Årsplanen angir planlagt aktivitet i kontrollutvalet med saker og orienteringar gjennom året. Det er tanken at årsplanen skal vere eit arbeidsdokument som endrast ved behov.

For øvrig anbefaler eg at ein allereie no tenkjer på kva for nokre tema som kan vere aktuelle for å få orientering om på møta.

Basert på tidlegare erfaringar føreslår ein følgande som kontrollutvalets årsplan for 2021:

Dag/tidspunkt	Saker	Orienteringar
<u>Januar/Februar:</u> Måndag 15.02 kl. 09.00		Interim revisjon
<u>Mars/April</u> Måndag 26.04 kl. 09.00	Årsmelding KU 2020 Årsrekneskapen 2020	Årsmelding/årsrekneskap
<u>Mai/Juni</u> Måndag 31.05 kl. 09.00		
<u>September/Oktober</u> Måndag 11.10 kl. 09.00	Budsjett kontrollarbeidet 2022	Planlegging av revisjonen
<u>November</u> Måndag 29.11 kl. 09.00	Kontrollutvalets årsplan 2022	

**Framlegg til vedtak:**

*Framlegg til årsplan 2021 for kontrollutvalet vert vedteke.*

**SAK 18/20 KOMMUNEDIREKTØRENS ATTENDEMELDING PÅ NUMMERERT BREV NR. 1-20.**

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet tek kommunedirektørens attendemelding til orientering. Utvalet vil presisere at innkjøpsreglementet bør vere på plass innan første halvår 2021.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

1. Nummerert brev nr. 01-20 frå Agder Kommunerevisjon
2. Attendemelding frå kommunedirektøren, datert 14.10.20

**Bakgrunn for saka:**

Det nummererte brevet frå revisor var framlagt for kontrollutvalet i møte 05.10.20 saman med attestasjonsuttalelse forenkla etterlevelseskontroll offentleg anskaffing.

Brevet omhandlar forhold avdekka i samband med forenkla etterlevelseskontroll på offentleg anskaffing i Bygland kommune.

Kontrollutvalet fattet følgande vedtak i saka:

*Kontrollutvalet viser til revisors attestasjonsuttalelse med konklusjon med forbehold og tilhøyrande nummerert brev nr. 1/20.*

*Kontrollutvalet ser det som svært viktig å sikre at lov og forskrift om offentleg anskaffing følges. Utvalet avventar skriftleg attendemelding frå kommunedirektøren. Når attendemeldinga føreligg vil kontrollutvalet ta endeleg stilling til korleis saka skal følges opp vidare.*

Kommunedirektøren orienterte utvalet i forrige møte om oppfølginga, og no føreligg også den skriftlege attendemeldinga.

**Vurderingar:**

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at forhold som er påpeikt i nummererte brev vert følgt opp.

Attendemeldinga viser kva for nokre tiltak som kommunen vil setja i verk for å sikre at lov og forskrift om offentleg anskaffing følges i framtida.

Revisor vil også være til stades i møtet og kan kommentere saka.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunedirektørens attendemelding til orientering.

**FASTE POSTAR**

Nytt frå revisor: Revisor orienterte frå løpande rekneskapsrevisjon.

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 15.02.2021.

**EVENTUELT**

Kontrollutvalet ber om orientering frå kommunedirektøren til neste møte om Setesdal Vekst og arbeidsmiljøundersøkinga.

Utvalet etterlyser sak om forvaltningsrevisjon byggesak som skulle kome opp i kommunestyret hausten 2020. Sekretariatet tek saka vidare med kommunedirektøren og utvalet ber om ei orientering på status til neste møte.



**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bygland kommune**

**Sak 02/21**

**Møtedato: 15.02.2021**

**Sakshandsamar: ILA**

**SAK 02/21 UAVHENGIGHEITSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR**

**Vedlegg:**

Uavhengighetserklæringar frå dei oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

**Bakgrunn for saka:**

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstillar dei krav til uavhengigheit som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

**Framlegg til vedtak:**

Basert på revisors eigenvurdering av si uavhengigheit meiner kontrollutvalet at ein kan konkludere med at revisor tilfredsstillar kommunelova og revisjonsforskriftas krav til uavhengigheit.

Kontrollutvalget  
Bygland kommune

Kristiansand, 02.02.21

## Vurdering av uavhengighet – Bygland kommune

### *Innledning*

Det følger av kommuneloven § 24-4 at revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet har i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 satt krav til revisors uavhengighet. Departementet har i videre i forskriftens §§ 17 og 18 satt grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten og grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha.

I følge forskriftens § 19 skal den som utfører revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet og oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

### **Kommunelovens krav til uavhengighet**

#### *§ 24-4. Revisors uavhengighet ogandel.*

Revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet kan gi forskrift om krav til revisors uavhengighet ogandel.

### **Forskrift om kontrollutvalg og revisjon**

#### *§ 16. Krav til revisors uavhengighet*

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisjonen mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

## AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

### § 17. Grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.

Nærstående etter første ledd er

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefelle eller samboer
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer

### § 18. Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha

Revisor kan ikke

- a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
- b) ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av
- c) være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av. Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap.
- d) delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren.
- e) utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
- f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrollopgaver
- g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven § 218.

### § 19. Krav til egenvurdering av uavhengighet

Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.

**Revisors egenvurdering av punktene ovenfor**

§ 18 pkt. a og b: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. c: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors uavhengighet og objektivitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>  <i>Før slike tjenester utføres av Agder kommunerevisjon IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 18, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i>
Pkt. f: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Agder Kommunerevisjon IKS opptrer som fullmektig for kommunen.</i>
§ 16: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet</i>
§ 17 Revisor tilknytning/ nærstående	<i>Undertegnede har ikke slik tilknytning eller nærstående som har tilknytning til kommunen, dens ansatte eller tillitsmenn som har betydning for min uavhengighet og objektivitet</i>

**Krav til vandel**

Jeg bekrefter at jeg har god vandel.

Agder Kommunerevisjon IKS

Tor Ole Holbek

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

Kontrollutvalget  
Bygland kommune

## Vurdering av uavhengighet – Bygland kommune

### *Innledning*

Det følger av kommuneloven § 24-4 at revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet har i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 satt krav til revisors uavhengighet. Departementet har i videre i forskriften §§ 17 og 18 satt grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten og grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha.

I følge forskriften § 19 skal den som utfører revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet og oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

### **Kommunelovens krav til uavhengighet**

#### *§ 24-4. Revisors uavhengighet ogandel.*

Revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet kan gi forskrift om krav til revisors uavhengighet ogandel.

### **Forskrift om kontrollutvalg og revisjon**

#### *§ 16. Krav til revisors uavhengighet*

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisjonen mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

§ 17. Grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.

Nærstående etter første ledd er

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefelle eller samboer
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer

§ 18. Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha

Revisor kan ikke

- a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
- b) ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av
- c) være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av. Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap.
- d) delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren.
- e) utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
- f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver
- g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven § 218.

§ 19. Krav til egenvurdering av uavhengighet

Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.

**Revisors egenvurdering av punktene ovenfor**


§ 18 pkt. a og b: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. c: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors uavhengighet og objektivitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>  <i>Før slike tjenester utføres av Agder kommunerevisjon IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 18, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i>
Pkt. f: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Agder Kommunerevisjon IKS opptrer som fullmektig for kommunen.</i>
§ 16: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet</i>
§ 17 Revisor tilknytning/ nærstående	<i>Undertegnede har ikke slik tilknytning eller nærstående som har tilknytning til kommunen, dens ansatte eller tillitsmenn som har betydning for min uavhengighet og objektivitet</i>

**Krav tilandel og kvalifikasjonskrav for oppdragsansvarlig regnskapsrevisor**

Det vises til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 9 mht kvalifikasjonskrav. Jeg bekrefter at jeg fyller kvalifikasjonskravene i § 9 (3) og har godandel.

  
Tommy Pytten

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor







AGDER SEKRETARIAT  
Postboks 120  
4491 KVINESDAL

Vår ref.: 2017/1021-20 | Sakshandsamar: Jorunn Sørli Tveiten  
| jorunn.tveiten@bygland.kommune.no

Dato  
22.12.2020

## MELDING OM VEDTAK

### Melding om vedtak: Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2023

**Kommunestyret si handsaming av sak 95/2020 i møte den 21.12.2020:**

**Handsaming:**

Kontrollutvalet si innstilling blei samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner "Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgende selskap:

- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal IKT

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Med helsing  
Bygland kommune

Jorunn Sørli Tveiten  
Arkivleiar



## Kommunestyret si handsaming av sak 82/2020 i møte den 05.11.2020:

### Handsaming:

Kontrollutvalet si innstilling blei samrøystes vedteken.

### Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023, der følgende områder/prosjekt prioriterast:

Prioritet	Område	Tema/sektor/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Oppvekst	Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten
2.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Helse og Omsorg	Legetjenesten
3.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Drift og forvaltning	Drikkevannssikkerhet
4.	Tillitsskapende forvaltning		Informasjonssikkerhet og personvern
5.	Lokaldemokrati		Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak
6.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Sentraladministrasjon og fellesutgifter	Næringsutvikling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

**Agder Sekretariat**

Vedtatt kommunestyret 05.11.2020

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

**BYGLAND KOMMUNE**

**2019 – 2023**



---

Juni 2020

## Bakgrunn

Heimelen for forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-2, som fastsett at kontrollutvalet skal sjå til at *»det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»* og § 23-3 som definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verkningar ut frå kommunestyrets vedtak.

På denne bakgrunn har kontrollutvalet i Bygland kommune bestilt ei risiko og vesentlighetsvurdering frå Agder Kommunerevisjon IKS som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon.

## Innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjonen er med andre ord eit viktig verktøy for kommunens øvste politiske organ for å føre kontroll med kommunens totale forvaltning og dei resultata som oppnås. Kommunelova § 23-3, omhandlar plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og lyder som følger:

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal sikre at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon regelmessig, i eit omfang som er i samsvar med kommunens størrelse, kompleksitet og risiko. Planen skal både dekke den verksemda som skjer i kommunen sjølv og den verksemda som drives av selskapa som kommunen har eigarinteresser i.

For å sikre nyttige og målretta forvaltningsrevisjonar skal planane baserast på ei risiko og vesentlighetsvurdering for å finne ut av kva for nokre områder det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Vurderinga skal altså bidra til gode og nyttige forvaltningsrevisjonar.

## **Føremålet med forvaltningsrevisjon**

Føremålet med forvaltningsrevisjon er mellom anna å bidra til ein betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det utføres forvaltningsrevisjon, settes fokus på økonomi og måloppnåing.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort. Kommunen står overfor betydelege utfordringar. Innbyggjarane stiller større krav til kvalitet, sentrale myndigheiter stiller krav til økonomisk effektivitet, men også innhaldet i tenestene. Marknaden skaper auka konkurranse og det er ofte manglande samsvar mellom mål og tilgjengelege ressursar.

Dette fører med seg at kommunane som oftast må rette større fokus på ressursbruk, styring og leiing. Det må styrast etter fleire variablar enn økonomiske data med evaluering av måloppnåinga og det blir stilt større krav til leiing.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidrar kontrollutvalet bl.a. til:

- å påvise forbetningsområde som bidreg til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak og føresetnader
- å bidra med informasjon til dei i kommunen som gjer vedtak som er til nytte for
  - å styrke kommunestyrets grunnlag for styring
  - kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga
  - leiinga si vurdering av moglegheiter for meir nøysam/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing
  - rasjonell, målretta og kostnadseffektiv drift

Den gjennomførte risiko- og vesentlighetsvurderinga bygger på revisors faglege skjønn. Den endelege prioriteringa må imidlertid kontrollutvalet sjølv foreta på dei områda det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Arbeidsfordelinga mellom kontrollutvalet og revisjonen kan beskrives som ein bestiller-utførarmodell. Det vil sei at kontrollutvalet bestiller oppdrag hjå revisjonen som leverer etter bestilling. Sekretariatet bistår kontrollutvalet i dette arbeidet både før og etter handsaminga, og til vedtak er gjort og følgt opp.

Risiko- og vesentlighetsvurderingen angir dei områda i kommunen som i størst grad utpeiker seg som risikoområder. Områdene identifiserast på bakgrunn av den føretatte analysen. Områdene som peiker seg ut som mest sentrale for forvaltningsrevisjon er områder kor revisjonen ser størst potensial eller nødvendigheit for forbetring av produktivitet, økonomi, måloppnåing eller verkningar.

## **Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjonen**

### **Gjennomføring**

Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet sørge for å bestille forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtar problemstillingar, prosjektplan og ressursar, og om det i så fall skal gjennomførast foranalyse. Kommunerevisjonen gjennomfører prosjektet og sender rapporten til kontrollutvalet. Rapporten med kontrollutvalets innstilling sendes til kommunestyret for endeleg handsaming.

## Rapportering

I tråd med forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og resultatet av dei. § 5 fastsett at kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyrets vedtak om forvaltningsrevisjon blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er følgt opp.

Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtar spesielle bestemmingar for når og korleis denne rapporteringa skal skje, er det opp til kontrollutvalet å finne ei hensiktsmessig form og frekvens på dette. Rapport og resultat frå det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram for kommunestyret etter kvart som dei føreligg.

## Prioriteringar i denne planperioden

### Generelt

Risiko og vesentlighetsvurderinga er basert på innsamla skriftleg informasjon og statistikk for den enkelte kommune – dessutan innspel frå både kommuneadministrasjon og kontrollutval. Ein viser til risiko og vesentlighetsvurderinga for nærare opplysningar. På bakgrunn av denne analysen vert det lagt opp til å velja ut forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på ei vurdering av risiko- og kva som er vesentleg.

Det vil vera prosjekter som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Når ein veljar ut prosjekter bør nytteverdien vurderast i forhold til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet vert konkret og gjev kontrollutvalet dei nødvendige opplysningar for deira kontroll med kommunen.

### Gjennomført forvaltningsrevisjon i førre planperiode

I førre planperiode vart det gjennomført forvaltningsrevisjon på eit av områda i plan for forvaltningsrevisjon, «Byggesak i Bygland kommune».

- Plan- og byggesaksbehandling
- Barnevern
- Helhetlige og koordinerte helsetjenester (samhandlingsreformen)
- Behandlings- og oppfølgingstilbud til personer/pasienter med psykiske lidelser og/eller rusrelaterte problemer

### Prioritering av forvaltningsrevisjonar i denne planperioden

I oversikten under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysningane som føreligg.

Generelt ut frå dei ressursane som har vore tilgjengeleg dei seinaste åra er det mest realistisk å forvente at det kan gjennomførast mindre enn eit prosjekt i Bygland kommune kvart år.

## Plan for forvaltningsrevisjon Bygland kommune 2019-2023

Etter ei samla vurdering har kontrollutvalet vald å foreslå følgjande prosjekter for Bygland kommune for 2019 – 2023:

Prioritet	Område	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Oppvekst	Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten
2.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Helse og Omsorg	Legetjenesten
3.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Drift og forvaltning	Drikkevannssikkerhet
4.	Tillitsskapende forvaltning		Informasjonssikkerhet og personvern
5.	Lokaldemokrati		Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak
6.	Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling	Sentraladministrasjon og fellesutgifter	Næringsutvikling

Ei nærare grunngeving for val av prosjekta kjem fram i risiko og vesentlighetvurderinga, som ligg med saka.

Kommunestyret vedtok i sitt møte 05.11.2020:

*Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023, der følgande område/prosjekt prioriterast:*

Prioritet	Område	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Oppvekst</i>	<i>Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten</i>
2.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Helse og Omsorg</i>	<i>Legetjenesten</i>
3.	<i>Tjenesteyting,</i>	<i>Drift og forvaltning</i>	<i>Drikkevannssikkerhet</i>



Plan for forvaltningsrevisjon Bygland kommune 2019-2023

	<i>myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>		
4.	<i>Tillitsskapende forvaltning</i>		<i>Informasjonssikkerhet og personvern</i>
5.	<i>Lokaldemokrati</i>		<i>Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak</i>
6.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Sentraladministrasjon og fellesutgifter</i>	<i>Næringsutvikling</i>

*Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.*

**Agder Sekretariat**

# **PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023**

Vedtatt kommunestyret 21.12.2020

## **BYGLAND KOMMUNE**

### **2019 – 2023**



---

Juni 2020

## Bakgrunn

I ny kommunelov §23-2 bokstav d) står det at kontrollutvalet skal sjå til at det føres kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskapa mv. (eigarskapskontroll).

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav til at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll.

*«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.»*

På denne bakgrunn har kontrollutvalet i Bygland kommune bestilt ei risiko og vesentlighetsvurdering frå Agder Kommunerevisjon IKS som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

## Formålet med eigarskapskontroll

Eigarskapskontrollen inneberer å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I siste instans er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for at kommunen har ei forsvarleg eigarskapsforvaltning.

## Gjennomføring og rapportering av eigarskapskontroll

### *Gjennomføring*

Kontrollutvalet vedtek kva for nokre selskap dei vil prioritera i ein eigarskapskontroll. Agder Kommunerevisjon IKS gjennomfører prosjektet og sender rapporten til kontrollutvalet. Rapporten med kontrollutvalets innstilling sendes til kommunestyret for endeleg handsaming.

### *Rapportering*

I henhold til Forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroller og resultatet av dei. Med mindre kommunestyret vedtar spesielle bestemningar for når og korleis denne rapporteringa skal foregå, er det opp til kontrollutvalet å finne ei hensiktsmessig form og frekvens på dette. Rapport og resultata frå det enkelte prosjekt vert lagt fortløpande fram for kommunestyret.

I henhold til Forskrift om kontrollutval og revisjon § 5 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroller blir følgt opp, og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er følgt opp.

## Prioriteringar i denne planperioden

### Generelt

I plan for selskapskontroll 2015-2019 var det prioritert å gjennomføre selskapskontroll i selskapa nedanfor (ikkje prioritert rekkefølge):

- Aust-Agder museum og Arkiv IKS
- Konesjonskraft IKS
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal Brannvesen IKS
- Setesdal IKT

Bygland kommune har i perioden 2016-2019 gjennomført følgende selskapskontrollar:

- Setesdal Brannvesen IKS (2018)
- Konesjonskraft IKS (2019, gjennomført av Aust Agder revisjon IKS).

Revisjonen peiker i si vurdering på følgende selskap med høg grad av risiko og vesentlighet:

- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal IKT

Revisjonen peiker i si vurdering på følgende selskap med middels/høg grad av risiko og vesentlighet:

- Byglandstunet AS
- Setpro AS
- Setesdal Brannvesen IKS
- Aust-Agder museum og arkiv IKS

Føremålet med risiko og vesentlighetsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for gjennomføring av eigarskapskontroll. Informasjonen i rapporten gjev ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunens eigarstyring, og for selskapa kommunen har eigarinteresser i.

Rapporten frå Agder Kommunerevisjon ligg til grunn for at kontrollutvalet kan velgje og prioritere eigarskapskontrollprosjekter. Kor mange prosjekter som kan gjennomførast i planperioden avhenger av budsjettet for kontrollarbeid i kommunen.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i forbindelse med ein forvaltningsrevisjon av eit selskap.

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka prosjekter er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer klart ved utforminga av eit prosjekt slik at prosjektet blir konkret og gir kontrollutvalet dei nødvendige opplysningar for deira kontroll med kommunen.

Kontrollutvalet si innstilling i saka:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner "Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:

- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal IKT

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Kommunestyret vedtok i sitt møte 21.12.2020:

*Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner "Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:*

- *Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS*
- *Setesdal IKT*

*Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.*